



Arkivnr: 2015/4733-1  
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	138/15	19.05.2015
Fylkestinget		09.06.2015

**Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2014**

**Samandrag**

Kunnskapsdepartementet har i sine retningsliner for Regionale forskingsfond fastsett at kvart fond skal lage ein årsrapport om verksemda. Rapporten skal både sendast Kunnskapsdepartementet og leggjast fram for fylkestinga i fondsregionen.

Årsrapporten for Regionalt forskingsfond Vestlandet vert lagt fram for dei tre fylkestinga til godkjenning. Som tidlegare år skal rapporten også leggjast til grunn for eventuelle supplerande føringar frå fylkestinga til styret i fondet.

Årsrapporten omhandlar aktivitet i heile fondsregionen siste året. I saksutgreiinga er det trekt fram nokre resultat som særleg gjeld Hordaland.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner Årsrapport 2014 frå Regionalt forskingsfond Vestlandet

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2014

**Fylkesrådmannen, 04.05.2015**

### **2014 er femte år med Regionalt forskningsfond Vestlandet. Nokre nøkkelresultat frå arbeidet:**

- Fondet lyste i 2014 ut midlar til forskningsprosjekt innan fire hovudtema i fylkestinga si bestilling.
- Fondet tok i mot 43 søknader om stønad til forprosjekt.
- Fondet tok i mot 61 søknader om stønad til hovudprosjekt.
- Fondet gav tilsegn om stønad til 22 regional kvalifiseringsstønad/forprosjekt med ei tilskotramme på kr. 4 246 000.
- Fondet gav tilsegn om stønad til 13 Regionale Bedriftsprosjekt og 5 Regionale offentlege prosjekt (omtala som hovudprosjekt) med ei tilskotramme på kr. 37 740 000,-.
- 2 prosjekt frå Vestlandet fekk til saman kr. 4 065 000,- frå midlar i konkurranse med andre fond («15 % potten»).
- Fondet har hatt heile 178 deltakarar på informasjonsmøte og prosjektverkstader i 2014.
- Fondet sitt nyheitsbrev har 591 abonnentar fordelt på omlag 250 organisasjonar.
- Fondet fekk mange presseoppslag i samband med tildelingar av prosjektstøtte og har sjølv produsert fleire artiklar om prosjekt på [www.forskning.no](http://www.forskning.no)
- Prosjekta rapporterer i 2014 om 64 faglege rapportar, foredrag eller faglege presentasjonar og frå 2011 – 2014 om utvikling av 33 ferdigstilte nye/forbetra produkt, prosessar eller tenester.

### **Stor interesse frå aktørar i Hordaland**

Aktiviteten inn mot fondet har i 2014 vore større i Hordaland enn i dei andre to fylka. Av 43 søknader inn mot ordninga Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) kom heile 20 av desse frå kommunar eller bedrifter i Hordaland. Likeeins var det frå Hordaland flest søknader om hovudprosjekt, med 25 søknader mot 18 frå Sogn og Fjordane og 18 frå Rogaland.

### **Marin sektor er største forskingsfeltet i søkjargruppa frå Hordaland**

Det er ikkje overraskande, men det kjem likevel svært tydeleg fram at det i Hordaland er mange bedrifter som ønskjer forskning innan det marine fagfeltet. Av 14 marine søknader kjem 10 frå ei bedrift i Hordaland. Andre temaområde med relativt mange søknader frå Hordaland er Energi og Offentlege ansvarsområde.

	Bærekraftig mat		Energi	Offentlege utviklings oppgåver	Reiseliv	Samla 2014
	Grøn	Blå				
Søknader frå Hordaland	1	10	6	6	2	25

### **God utteljing på søknader frå Hordaland**

Søknadene frå Hordaland kom også godt ut med omsyn til tilsegn og løyving. Av 22 prosjekt med regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) var 11 frå kommunar eller bedrifter heimehøyrande i Hordaland. Likeeins gjekk halvparten, det vil seie 9 av 18 tilsegn om stønad til hovudprosjekt til ei bedrift eller ein kommune i Hordaland. Desse 9 prosjektsøknadene fekk til saman tilsegn om kr. 18 770 000 kroner i stønad. Ikkje overraskande var 5 av søknadene som fekk stønad innan marin sektor, med tema som

- Dietary AGD modulation
- Fiskeprotein i restråstoff - et helseprodukt for mennesker
- Dyrking og foredling av makroalger av høy kvalitet til nye matprodukter
- Developing and optimizing mackerel filleting. Opening processing potential for Norwegian industry
- Teknologitvutvikling for storskala dyrking og høsting av tunikater (sekkedyr)

Begge prosjekta som fekk løyving i konkurranse med andre fondsregionar kom også frå Hordaland. Samla oversyn over tildelte prosjekt er å finna i årsrapporten.